

VEDTEKTER FOR SFO VED MØRE BARNE- OG UNGDOMSSKULE

§ 1 – LOVVERK OG RETNINGSLINER

- Drifta av skulefritidsordninga (SFO) skal vere i samsvar med Opplæringslova § 13-7. SFO ved skulen er å rekne som ei privat skulefritidsordning.
- SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i skulestyret.
- SFO er primært eit tilbod til elevar på 1.-4.trinn, og for born med særskilde behov på 1.-7.trinn.
- Areala ute og inne skal vere eigna til formålet.
- SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldra må sjølv syte for eventuell skryss av elevane.

§ 2 – FORMÅL

- SFO skal driftast i samsvar med skulen sitt kristne verdigrunnlag slik det kjem til uttrykk gjennom § 3 i vedtektene for skulen.
- SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna.
- SFO skal gi borna omsorg og tilsyn, og funksjonshemma born skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 3 – EIGARTILHØVE

- Stiftinga Møre barne- og ungdomsskule eig og driv skulefritidsordninga.
- Skulefritidsordninga vert administrert av skuleleiinga.

§ 4 – LEIING, STYRING OG ANSVAR

- Rektor er leiar for SFO og har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO.
- SFO kan i tillegg ha dagleg leiar med koordineringsoppgåver. Det vert ikkje stilt krav om pedagogisk utdanning for dagleg leiar.
- Skuleleiinga legg til rette for kompetanseheving for tilsette i SFO når ein finn det naturleg.
- Skulestyret bør søkje innspel og råd frå dagleg leiar for SFO i skulestyresaker som gjeld skulefritidsordninga.

§ 5 – BEMANNING

- Skuleleiinga står fritt til å bemanne SFO både av eksternt tilsette eller tilsette på skulen. Tilsette i SFO skal i likskap med tilsette i skulen forpliktast til lojalitet mot skulen sitt verdidokument.
- I tillegg til dagleg leiar med koordineringsoppgåver skal det tilsetjast assistentar etter behov.
- Personalet må legge fram politiattest ved tilsetjing jf Opplæringslova § 10-9.
- Alle som arbeider i skulefritidsordninga har teieplikt jf Forvaltningslova § 13.

§ 6 – INNTAK AV BORN

- Føresette sender før skulestart søknad på skjema tildelt frå skulen.
- Rektor gjer opptaket. Når ein elev har fått plass, gjeld plassen til føresette seier opp plassen. Eventuell klage skal leggest fram for skuleleiinga.
- I dei høve SFO ikkje har plassar nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium i prioritert rekkefølge:
 - Born som treng spesiell omsorg og støtte.
 - Borna sin alder, dei yngste trinna får prioritet.
 - Born av einslege forsyttarar.
 - Sjukdom i heimen.
 - Vanskelege bu- og leiketilhøve.
- Born som ikkje får plass, vert sette på venteliste med prioritert for dei yngste trinna i den rekkefølge søknadene kjem inn.

§ 7 – OPNINGSTIDER

- A) SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen, og det vert normalt ikkje gjeve tilbod om SFO i skuleferiane.
- B) SFO har normalt dagleg oppstart 07.30 og avslutning 16.30, og dekker innanfor opningstida den tida som ikkje er skuletid. Skuleleiinga kan gjere justeringar av opningstida i samsvar med behovet til borna som går i ordninga.
- C) Føresette kan velje mellom tre alternative tilbod:
 - Alternativ 1 (inntil 9 t/v)
 - Alternativ 2 (10 – 14 t/v)
 - Alternativ 3 (15 t/v og meir)
- D) Kjøp av einskilde timar kan gjerast etter avtale med dagleg leiar eller skuleleiinga.

§ 8 – BETALING FRÅ FØRESETTE

- A) Skulestyret fastset årleg satsane for betalinga frå føresette, og legg seg nært SFO-satsar i kommunane rundt. Satsane følgjer skuleåret.
- B) Faktura til føresette vert sendt ut månadleg frå september til juni.
- C) Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for yngre søsken frå same heim.

§ 9 – OPPSEIING AV PLOSS

- A) Oppseiing/endring av plass skal skje skriftleg til skuleleiinga.
- B) Det er 1 månads oppseiingstid, rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Til dømes vil ei oppseiing 6.september føre til at ein må betale til og med oktober.
- C) Det er 1 månads oppseiingstid for reduksjon av plass til lågare timetal, rekna frå den 1. i påfølgjande månad.
- D) Rektor kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med ein månads frist, rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Uteståande betaling frå føresette vil kunne bli lagt til grunn som avslag ved seinare søknad om opptak.

§ 10 – NEDLEGGING AV SFO

Skulen kan legge ned eller endre drifta av ei skulefritidsordning i skuleåret med ein månads varsel, rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Skulen tek ved nytt skuleår atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang.

§ 11 – ANSVAR

- A) Skulefritidsordninga har ansvar for eleven i den tildelte opphaldstida.
- B) Skulen har kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- C) Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

§ 12 – FORELDRESAMARBEID

- A) Det vert ikkje halde eigne foreldremøte for SFO, og føresette vert oppmoda om å ta saker opp på skulen sine foreldremøte, eller direkte med skuleleiinga.
- B) Meldingar frå heimen må gjerast skriftleg eller pr telefon og ikkje via eleven. Dette kan gjelde til dømes tidspunkt for henting, om dei kan gå heim sjølv, noko som skal takast med heim, når eleven kjem om morgonen og liknande.

Vedteke i styret for stiftinga og skulen Møre barne- og ungdomsskule, 31.mai 2017.